

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2016	Formannskapet i Radøy	PS	20.01.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	15/1727	16/377

### Cato Pletten Minnefond - val av styremedlemer 2015-2019

#### Saksopplysingar:

Vedtektene til Cato Plettens Minnefond seier at stiftinga skal ha eit fondstyre på 5 medlemer. Ordføraren i Radøy skal alltid vera leiar i styret for stiftinga. Dei øvrige medlemene i styret skal veljast slik:

- 1 vald av Cato Pletten sin familie
- 1 vald av Radøy formannskap
- 1 vald av kulturstyret (eller tilsvarande organ) i Radøy kommune mellom medlemene i dette styret
- 1 vald av styret i Radøy Idrettslag mellom medlemene i Radøy IL

På bakgrunn av paragraf 3 i vedtekene skal det altså veljast to representantar til fondstyret frå Radøy kommune.

Familien Pletten har i november 2015 vald som medlem til styret: Janne Pletten.

Radøy Idrettslag har i november 2015 vald som medlem til styret: Vigdis Thomassen.

Styret konstituerer seg sjølv etter valet og skal mellom anna velja rekneskapsførar og revisor.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordførar Jon Askeland vert valt som styret for stiftinga. I tillegg vel formannskapet følgjande to styremedlemer:

#### Formannskapet i Radøy - 002/2016

##### FS - handsaming:

Det vart sett fram følgjande framlegg:

Kirsti Gjetle Floen (Ap) og Vidar Grindheim (H) vert valde som formannskapet sine medlemer i styret for stiftinga Cato Pletten minnefond.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

##### FS - vedtak:

Kirsti Gjetle Floen (Ap) og Vidar Grindheim (H) vert valde som formannskapet sine medlemer i styret for stiftinga Cato Pletten minnefond.

**Vedlegg:**

Vedtekter for Cato Plettens Minnefond